



# HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Førespurnad under nasjonal terskel  
ved anskaffing av busstransport med sjåfør

HFK-Kultur- og idrettsavdelinga

<b>1</b>	<b>Oppdraget og administrative føresegner .....</b>	<b>3</b>
1.1	Om Oppdragsgjevar .....	3
1.2	Oppdragsgjevar sin kontaktperson .....	3
1.3	Anskaffinga gjeld .....	3
1.4	Tidsplan .....	4
<b>2</b>	<b>Krav til leverandørane - kvalifikasjonskrav .....</b>	<b>4</b>
<b>3</b>	<b>Krav til ytinga og tildelingskriterium.....</b>	<b>4</b>
3.1	Kravsspesifikasjon/skildring av leveransen .....	4
3.2	Tildelingskriterium.....	5
<b>4</b>	<b>Regler for gjennomføring av konkurransen .....</b>	<b>5</b>
4.1	Anskaffingsprosedyre .....	5
4.2	Krav til tilbodet og innleveringsstad .....	5
4.3	Tilbodsfrist og vedståingsfrist .....	6
4.4	Tildeling av kontrakt og grunngjeving .....	6
4.5	Innsyn i dokument.....	6
<b>5</b>	<b>Vedlegg .....</b>	<b>6</b>

# 1 OPPDRAGET OG ADMINISTRATIVE FØRESEGNER

Hordaland fylkeskommune inviterer dykk til å delta i konkurranse om anskaffing av "Busstransport med sjåfør".

## 1.1 Om Oppdragsgjevar

Hordaland fylkeskommune er ein av fylket sine største arbeidsgjevarar med 4 450 tilsette, eit årleg driftsbudsjett på om lag 8300 millionar kroner og eit investeringsbudsjett på om lag 4200 millionar (2015).

Organisasjonen Hordaland fylkeskommune (HFK) består av Fylkesadministrasjonen, Bybanen Utbygging, Skyss, 43 vidaregåande skular og opplæringsinstitusjonar, og 6 tannhelsedistrikt med totalt 47 tannklinikkar.

Hordaland fylkeskommune står ansvarleg for arbeidet med UKM Hordaland og at UKM-festivalen i Hordaland vert avvikla kvart år.

UKM (Ung Kultur Møtes) har utvikla seg til å bli det som i dag sjåast som ei av dei tre viktigaste offentlege satsingane på barne- og ungdomskultur, saman med kulturskulane og det omfattande programmet for kunst- og kulturformidling til skulen. UKM er mange små lokale festivalar der ungdom kan delta med alle slags kulturuttrykk. UKM skal vere Noregs viktigaste møteplass for ung kultur.

Vidare er fylkeskommunen m.a. ansvarleg for rettleiing som fylkeskontakt for kommunanes lokale UKM arrangement, fungere som eit mellomledd og informasjonskanal mellom UKM nasjonalt, UKM regionalt og UKM lokalt, bidra med nettverk og kompetanse med tanke på utvikling av UKM-konseptet, samarbeide med URG (ungdommens ressursgruppe) representantane i Hordaland om utviklingstiltak, og planlegge og gjennomføre reise til UKM-festivalen (landsfestivalen) i juni kvart år.

## 1.2 Oppdragsgjevar sin kontaktperson

Kontaktperson hjå oppdragsgjevar er:

Namn	Marianne Ose Askvik
Postadresse	Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen
E-post	hfk@hfk.no

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hjå oppdragsgjevar om konkurransen enn nemnde kontaktperson.

## 1.3 Anskaffinga gjeld

Hordaland fylkeskommune har behov for å leige ein buss med sjåfør tur/retur UKM-festivalen (landsfestivalen) som vert gjennomført i Sandnes 21.- 25.juni 2017. Festivalen vil ha hovudbase på Vågen vidaregåande skule (adr: Holbergs gate 23, 4306 Sandnes). Alle involverte i denne festivalen må vere tilstade på Vågen vidaregåande skule mellom kl.15:00 og 18:00 onsdag 21.06.17. Heimreise vert mellom kl.08:00 og 12:00 sundag 25.06.17.

Tal på passasjerar frå Hordaland fylkeskommune vil vere om lag 34 personar. 3.mai har vi informasjon om kor mange ungdommar som skal representere Hordaland under UKM-festivalen (landsfestivalen) i Sandnes. Estimert tal på passasjerar frå Hordaland er 30 ungdommar i alder 15 – 20 år og 4 vaksne reiseleiarar.

Bussen må køyre frå Bergen sentrum til Sandnes 21.06.17. Retur med bussen må vere frå Sandnes til Bergen sentrum 25.06.17.

Passasjerane i bussen vil vere frå fleire kommunar i Hordaland. Dersom det er mogleg, vil ein plukke opp ungdommar på vegen frå Bergen sentrum til Sandnes.

## 1.4 Tidsplan

Aktivitet	Tidspunkt
Invitasjonen sendt til tilbydar/konkurransen kunngjort	31.03.2017
Siste dag for spørsmål	21.04.2017
Frist for å levere tilbud	26.04.2017, kl 12:00
Evaluering / evt. Forhandling	Veke 17 og 18
Melding om tildeling	Veke 19
Kontraktsinngåing	Veke 20
Vedståingsfrist	22.05.2017
Oppstart av kontrakt	21.06.2017

Vi gjer merksam på at tidspunkta etter opning av tilboda, med unntak av vedståingsfristen, er rettleiande.

## 2 KRAV TIL LEVERANDØRANE - KVALIFIKASJONSKRAV

Krav til leverandøren:

- 1: Erfaring med liknande oppdrag
- 2: Gjennomføringsevne
- 3: Kvalitetssikringssystem

Dette skal dokumenterast ved:

- 1: Referansar for liknande oppdrag leverandøren har gjennomført
- 2: Ei skildring av leverandøren sin kjernekompetanse og tal på tilsette
- 3: Utgreiing om kvalitetssikringssystemet eller kopi av systemsertifikat

## 3 KRAV TIL YTINGA OG TILDELINGSKRITERIUM

### 3.1 Kravsspesifikasjon/skildring av leveransen

#### 3.1.1 Generelt om leveransen

Hordaland fylkeskommune har det overordna økonomiske ansvaret for UKM i Hordaland og er ansvarleg for gjennomføringa av UKM-festivalen i Hordaland, i tillegg til reise og opphald for ungdommane som skal representere Hordaland under UKM-festivalen (landsfestivalen).

Tidlegare har landsfestivalen vore arrangert i Trondheim og reisefølget har då nytta flytransport. I 2017 vert landsfestivalen arrangert i Sandnes og det er fyrste gong at Hordaland fylkeskommune har behov for buss som transport til landsfestivalen.

#### 3.1.2 Gjennomførings- og leveringstidspunkt

Ytingane skal utførast i perioden 21.juni og 26.juni 2017.

Ungdommar som skal representere Hordaland under UKM-festivalen (landsfestivalen) i Sandnes er klart 3.mai 2017. Det vil etter dette vere mogleg å gi eit nøyaktig tal på kor mange passasjerar som blir med på busstransporten. Det er fastsett at 4 vaksne reiseleiarar blir med på busstransporten.

### 3.1.3 Kontrakt

Avtaleforholdet vil bli regulert av vedlagte kontraktvilkår.

## 3.2 Tildelingskriterium

Tildeling av kontrakt skal skje på grunnlag av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet ut ifrå følgjande kriterium:

Kriterium	Prioritet/vekt
Pris	1
Kvalitet	1
Service og levering	2

I vurdering av tilbodet vil pris og kvalitet verte vektlagt høgst. Service og levering er og viktig vurderingsmoment.

## 4 REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

### 4.1 Anskaffingsprosedyre

Konkurransen vert regulert av lov og forskrift om offentlige anskaffelser. Berekna verdi på denne anskaffinga er under den nasjonale terskelverdi på 1,1 million kroner ekskl. mva. og er fritaken frå kunngjøringsplikta. Konkurransen vert gjennomført etter forskrifta sine alminnelege føresegner (del I) og dei føresegnene som følgjer av dette konkurransegrunnlaget.

Oppdragsgjevar kan invitere tilbydarane til forhandling/dialog etter tilbodsinnlevering. Forhandlingar vil i så fall bli gjennomførte i samsvar med dei grunnleggjande krava i forskrifta.

Etter eventuelle forhandlingar er avslutta, vil tilbydarane kunne levere eit revidert tilbod.

Oppdragsgjevar oppmodar tilbydarane om å gi sitt beste tilbod, då forhandlingar i denne konkurransen er ein opsjon for oppdragsgjevar.

### 4.2 Krav til tilbodet og innleveringsstad

Innlevering kan skje på e-post eller papir.

Ved innlevering av tilbod skal det tydeleg skal gå fram:

- Verksemda sitt namn, adresse og org.nr
- Kontaktperson i verksemda med e-postadresse og telefonnummer
- Skildring av leveransen i samsvar med kravspesifikasjonen
- Eventuelle atterhald til kontraktvilkår eller kravspesifikasjon
- Pris

*Innlevering på e-post:*

Tilbodet skal leverast på norsk. E-posten skal merkast «HFK- Kultur- og idrettsavdelinga, Busstransport med sjåfør».

*Innlevering på papir:*

Tilbudet skal leverast på norsk og merkast «HFK-Kultur- og idrettsavdelinga «Busstransport med sjåfør» v/ Marianne Ose Askvik. Skal berre opnast av adressat.»

Ved innlevering skal det følgje med et tilbodsbrief som skal være datert og signert av person med fullmakt, kor det tydeleg skal gå fram:

- Leverandøren sitt namn, adresse og org.nr
- Kontaktperson med e-postadresse og telefonnummer
- Eventuelle atterhald med tilvising til kvar i tilbudet atterhaldet finst

### 4.3 Tilbodsfrist og vedståingsfrist

Tilbudet må leverast innan fristen oppgjeve i punkt 1.4.

Leverandøren må vedstå seg sitt tilbud til dato som oppgjeve i punkt 1.4.

### 4.4 Tildeling av kontrakt og grunngjeving

Leverandørar som har delteke i konkurransen vil få ei skriftleg tilbagemelding om kven oppdragsgjevar vil inngå kontrakt med, og grunngjeving for valet.

### 4.5 Innsyn i dokument

Ålmenta har rett til innsyn i tilbud og protokoll etter at tilbydar er valt – sjå lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23 tredje avsnitt, jf. forskrift av 7. april 2006 nr. 402 om offentlege anskaffingar (FOA) § 7-3. Oppdragsgjevaren er pålagd å følgje prinsippet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

I tilbudet må det gå klart fram kva opplysningar tilbydaren meiner er omfatta av teieplikt etter FOA § 7-4, eller som av andre grunnar skal vere unnatekne frå innsyn. Oppdragsgjevaren gjer merksam på at informasjon frå tilbydaren berre er rettleiande, då oppdragsgjevaren pliktar å gjere ei sjølvstendig vurdering av krav om innsyn opp mot lovverket, jf. offentleglova.

## 5 VEDLEGG

Vedlegg 1: Kravspesifikasjon

Vedlegg 2: Kontraktvilkår